




Høyring av søknad løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid - renovering tilløpstunnel Målset kraftverk i Vik kommune for Statkraft Energi. Høyringsfrist er 28. august 2025

Statkraft Energi AS skal utbetra utstøypingar i tilløpstunnelen til Målset kraftverk. Det er lekkasjen i tverrslag Fosse som har størst lekkasje, ansele til 2 500 liter/minutt. Det er planlagt å bruke vanleg betong i solen, og sprutbetong i sider og tak. Det er planlagt boring i betong og berg og sprutbetong for alle utstøypingane. Det er ikkje planlagt sprenging, men noko pigging på dei dårlegaste betongpartia.



Figur 1 NVE kart over kraftverka. Gul prikk viser Ovrivatnet. Oransje prikk viser inntak Vik vassverk

Forureina innlekkasje vatn i tunnelen skal behandlast i sedimenterings-anlegg med oljeutskiljar med krav om grenseverdier for suspendert stoff, pH og TCH (olje). Resipienten for reinsa vatn frå tunneldrifta vil være Ovrivatnet. Ovrivatnet renn ut i Målsetvatn og vidare gjennom to kraftverk, Refsdal kraftverk og Hove kraftverk, før det via elva Vikja renn ut i Sognefjorden. Hovedvassforsyning til Vik sentrum, Vik vassverk, har uttak rett etter kraftstasjonen i Refsdal.

Det reinsa vatnet etter reinseanlegget skal ha fyljande krav :

- Innhold av suspendert stoff < 50 mg/l



- pH mellom 6,5 - 8,5
- Total olje (THC) <20 mg/l

Vassmengde som går ut av reinseanlegget skal målast og loggførast av entreprenøren ein gong i veka. Byggherren kan ta eigne analyser for å kontrollera at utsleppskrava som er sett blir overhaldne.

Slam som vert fjerna frå sedimenteringsbassenget skal leverast til godkjent mottak. Dersom slammet vert mellomagra skal dette gjerast på ein slik måte at finstoff ikkje vert vaska ut. Tilsvarande skal olje frå oljeutskiljar leverast til godkjent mottak.

Ber om eventuelle uttaler innan 28. august 2025

Statsforvalteren ber om uttaler til vedlagte søknad innan 28. august 2025. Me ber Vik kommune spesielt vurdere evt. effektar for det kommunale vassinntaket nedstraums anleggsarbeida. Uttaler kan sendes til fmvlpost@statsforvalteren.no, merk med referansenummer 2025/10374.

Søknaden og Statsforvalterens brev i saka vert gjort tilgjengeleg på Statsforvalterens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Søknad om løyve datert 24. juni 2025.

Kopi til:
Statkraft

Mottakerliste:

Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN